

Arbeids- og sosialdepartementet  
via [postmottak@asd.dep.no](mailto:postmottak@asd.dep.no)

### **Høyringsfråsegn – Arbeidstidsutvalet si regulering av arbeidstid – vern og fleksibilitet**

Grunntonen i arbeidstidsutvalet er at arbeidsgjevar/bedrift skal få styrka styringsrett og det skal opnast for fleire individuelle avtalar. Raudt Høyanger er ueinige i dette fordi det inneber at tillitsvalde sine moglegheiter blir ytterlegare svekka. Dette bryt totalt med våre og fagrørsla sine mål. Arbeidsfolk er fagorganiserte fordi dei ønskjer kollektiv innverknad på arbeidsvilkåra – medrekna arbeidstid.

Utvalet foreslår at ei ny gruppe stillingar, "delvis uavhengig stilling", skal kunne unntakast frå dei fleste arbeidstidsreglane etter avtale med den enkelte arbeidstakar – rett nok med enkelte avgrensingar. Raudt Høyanger meiner det er eit steg i feil retning om fleire stillingsgrupper skal unntakast frå gjeldande arbeidstidsreglar. Dette er ikkje i tråd med arbeidsmiljølova (aml) sin formålparagraf – m.a. kravet om ein helsefremjande arbeidssituasjon.

Utvalet legg også opp til at det skal bli utvida moglegheiter for arbeidsgjevar å få gjort arbeid på søn- og heilagdagar. Raudt Høyanger er ueinig i dette fordi vi meiner dette vil forsterke arbeidskraftkjøparane/bedriftene sitt press for å utvide driftstida til desse dagane. Dette vil føre til eit uakseptabelt ytterlegare press mot arbeidstakar-grupper som allereie i dag har ein altfor svak posisjon; mellombels tilsette, innvandrargrupper og deltidstilsette.

Utvalet legg opp til at arbeidskraftkjøpar/bedrift einsidig skal kunne avgjere skift-/turnusplanar. Raudt Høyanger meiner at arbeidstakarane må ha det siste ordet om slike planar.

Raudt Høyanger er også misfornøgd med at "ekspertutvalget" som ligg bak desse framlegga ikkje har med ein einaste arbeidstakarrepresentant som kunne ha ivareteke desse sine interesser.

Me vil på denne bakgrunnen stille oss avvisande til arbeidstidsutvalet si innstilling. Som sagt innleiingsvis, vil utvalet sine konklusjonar stort sett svekke arbeidstakarane og fagrørsla i striden mot kapitalmakta. Både fagrørsla og Raudt Høyanger har det motsette målet.

Raudt Høyanger vil også klage på at utvalet ikkje har ei reell drøfting og gode framlegg når det gjeld 6 t arbeidsdag. Innføring av denne, om så det skjer gradvis, vil verke positivt på mange område. Det vil redusere deltidsproblemet ved at fleire kan arbeide heiltid (6 t dag). Det vil gjere arbeidslivet meir inkluderande for grupper som i dag ikkje evnar å stå 8 t dag. Det vil også ha positiv miljøverknad når ein vrir seg over frå auka løn (=forbruk) til meir fritid. Også for familielivet og for frivillighetsarbeidet vil 6 t arbeidsdag vere eit stort framsteg – alle vil ha meir krefter og tid til kvarandre. Det må vere eit mål på eit godt samfunn.

Raudt Høyanger



Einar Rysjedal, leiar

---

**Raudt Høyanger**

Boks 171

6991 HØYANGER

<http://raudt.no/hoyanger>

Leiaren sin heimetlf.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltelef.: 992 41 276

E.post: [gautekaten@online.no](mailto:gautekaten@online.no)

Blogg: